



God jul

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL

KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 4

Jula 2018

50 . årgang



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og
fredag 09 - 15



SOKNEPREST
Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Tlf. 61 12 13 22
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag



ORGANIST
Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR
Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: helenals.wright@gmail.com



KYRKJELYDSARBEIDAR
Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: er623@kirken.no



SAKSBEHANDLAR
Linda Mæhlum Robøle
tlf. 957 64 900
E-post: lr895@kyrkja.no



KYRKJETENAR
Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Kjell Fjeld, leiar
tlf. 404 04 820
E-post: kjell@fjellsbygda.no



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Klara Månun, leiar
tlf. 909 44 332
E-post:
klarathon.manum@gjensidige.no



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESRÅD**
Ole Bergene, leiar
tlf. 950 89 360
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen

Ekspedisjon:
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:
Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla Kjære lesar av Kyrkjevarden!



Bibelordet:

Engelen til gjetarane på Betlehemsmarkene:
Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med ei stor glede, ei glede for heile folket:
I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.
Han er Messias, Herren.

Lukas 2, 11

TRADISJONSRIKE JULEKONSERTAR

Søndag 16. desember kl. 19 i Bruflat kyrkje

Torsdag 19. desember kl. 19 i Nord-Etnedal kyrkje

Bruflat musikklag, Bruflat sangkor, Honning og Rigabalsam m. fleire. Andakt ved Marit prest



Tidspunkter for gudstenestene juleæftan:

Nord-Etnedal kyrkje kl. 13.30

Bruflat kyrkje kl. 15.30



Forsidefoto: Marit Slettum
Jul i prestegarden

Julenummeret vårt er her. Fyrste delen er prega av den store høgtida vi skal feire. Det er juleandakt av biskop Solveig Fiske, på tavla her (og på neste side) finn du ymse julearrangement, gudstenestelista finn du på s.31, det er julesangar og –dikt og julekviss og Ingun Kompen fortel om sine juletradisjonar.

Det er INFO FRÅ KYRKJEKONTORET OG KOMMUNEN.

Asta Karin Kampen fortel historia om Kyrkjesletta på Dalen, og dikt- og salmespalta vår med.

Kulturskulen i Etnedal feira 20-årsjubileum i haust. Ei særleg helsing til Ronald Rasmussen som la det gode grunnlaget, i 32 år arbeidde han med å lyfte fram kulturen i vår kommune, og det var også han som starta kulturskulen. Vi har reportasjer frå jubiléet og frå kulturdagatn, og vi har intervjuua kulturskulerektoren vår, Bente Hemsing, som er eit engasjert kultur menneske og ein viktig ressurs i kulturskulen.

Hjarteleg takk til Ingun Kompen, vår faste skribent! Ho har særdeles lang fartstid i Kyrkjevarden sin redaksjon, og har gjeve mange, gode bidrag, også til dette nummeret.

Takk til alle som les Kyrkjevarden, - gode meldingar attende gjev oss som arbeidar med bladet glede og nytt mot. Det såg litt mørkt ut med bladpengane etter fyrste halvår, men då blanketten kom i haustnummeret, strøynde pengane inn. Tusen takk til alle som har betalt, også tilleggsgever!

Takk til Land trykkeri, for triveleg og godt samarbeid!

Vi tek gjerne imot stoff til Kyrkjevarden, bilde og artiklar - og gode idéar!

Frist for levering av stoff til neste nummer, er 1. mars (Kyrkjevarden nr. 1-2019 kjem ut til påske)

God jul!

Helsing
Redaktøren
Marit prest

Norsk Luthersk Misjonssamband Møter i Valdres Våren 2019

Junior-gjengen på

Bergsbakken i Steinsetbygda:

16. januar, onsdag kl. 17:00
13. februar, onsdag kl. 17:00
13. mars, onsdag kl. 17:00
13.-16. april (lørdag -tirsdag). Påskeleir på Åreld
(For nærmere informasjon:
Kontakt Solfrid Skogstad, 990 31 477)
24. april, onsdag kl. 17:00
08. mai, onsdag kl. 17:00

Bruflat menighetshus:

20. januar, søndag kl. 18:00. Kari Helene Haugen
17. februar, søndag kl. 18:00. Kari Helene Haugen
17. mars, søndag kl. 18:00. Kari Helene Haugen
19. april, Langfredag kl. 19:00 Ernst Jan Halsne
30. mai, Kristi himmelfartsdag. Dokka bedehus

Nord-Aurdal:

17. januar, torsdag kl. 18:00.
Vestringsbygda. Kari H. Haugen
14. februar, torsdag kl. 18:00.
Bjørge, Seierstad. Årsmøte. Kari H. Haugen
14. mars, torsdag kl. 18:00. V
eststringsbygda . Kari H. Haugen
11. april, torsdag kl. 18:00. B
jørge, Seierstad. A. Ammarkrud
09. mai, torsdag kl. 18:00. V
eststringsbygda. Kari H. Haugen

Julegaveforslag:

Til din fiende - tilgivelse.
Til en motstander - toleranse.
Til en venn - ditt hjerte.
Til en kunde - service.
Til alle - nestekjærighet.
Til hvert barn - et godt eksempel.
Til deg selv - respekt.

Oren Arnold

Gledeleg jul og godt nytt år!

Helsing
Bruflat sokneråd
Nord-Etnedal sokneråd
Kyrkjestaben

JULETREFEST

3. Juledag, torsdag 27. desember kl. 17
Julefest på Bruflat menighetshus
Juleregang – leik – mat – godteposer
Juleforteljing
Arr.: Bruflat sokneråd



Bruflat kyrkje Laurdag 22. desember kl. 13



Du som venter

Julekonsert med tradisjonsrike julesangar og nyare melodiar.

Liv-Helene Slettum Sivertsen, Silje Treråli, Ida Karoline Bakke, Sverre Undheim og Martin Ul-
ltang.

Dei hadde ein fin og triveleg julekonsert her i fjor, no kjem dei att, og det gler vi oss til.

Billettar ved inngangen, kr.150,-

Juleandakt 2018



Det var mye mørke som omgav Jesu fødsel.

Et folk var okkupert av en fremmed hersker, ei ung mor som ennå ikke var gift, ei lang reise like før fødselen, og natt over stallen der barnet ble født.

Fødselsfortellingen skinner likevel som en dyrebar skatt og er noe som mennesker fester sitt håp og sin tro til.

Julebudskapet vil oss noe! Det vil ha oss til å stole på at nåde og sannhet finnes. Det vil at vi skal lite på at det finnes en Gud, en kraft som aldri gir opp kampen for det gode. Som ikke gir opp troen på kjærlighetens muligheter.

Det barneansiktet som lyste mot Maria og Josef er fremdeles tegn på at Guds lys er kommet nær oss og at mørket ikke kan overvinne Kristi lys. Hans kjærlige lys holder oss fast i sannhet, trøst og håp.

Det som ble til i ham, var liv, og livet var menneskenes lys.

Forunderlig og vakkert formidles det store og sanne i at lyset skinner i mørket og at mørket ikke har overvunnet det. Det sanne lys som lyser for hvert menneske, er kommet til verden. Full av nåde og sannhet. Og fred.

Dette er en julefred uten virkelighetsflukt. En jul der vi tenner våre lys i trassig tro på det sanne lyset. Lyset som gir oss mot til å kjempe og aldri slutte å stå opp for det som er rett og godt.

En velsignet julehøytid!
Biskop Solveig Fiske



JULESONGAR

Julesongar

1. Kan du nemne ein julesong du synest er fin,
2. og kvifor?



Ellen Oddveig Rudi

1. Her kjem me, dine arme små, o Jesus i din stall å gå
2. Denne julesongen har fylgt meg sidan eg var lita jente. Når han blir sunge, kjenner eg att den gode fornemminga av varme, lys og tryggleik. Sangen er høgtideleg, og samstundes når han inn til den einskilte.



Kåre Stubbene

1. Det er julekveld i skogen
2. Eg veit ikkje heilt kva det er, men eg blir veldig rørt av den julesongen.



Toril Grønbrekk

1. Det lyser i stille grender
Og særleg denne strofa:
«... og tusene barnehender
mot himmelen ljosa held»
2. Det er eit fint uttrykk for barna sine forventningar til jul. Mitt ynskje er at alle barn hadde hatt det slik.



Eli Marit Fuglesteig

1. Et lite barn så lystelig, er født for oss på jorden
2. Denne julesongen lærte eg av mor mi i lokal Valdres – og folkemusikktradisjon då eg var lita, og har i alle år sidan hatt eit særleg forhold til denne songen.

OM HAN IKKE VAR MENNESKE

Om han ikke var menneske,
hvem var det da som lå i krybben?
Om han ikke var Gud,
til hvem var det englene sang lovsanger?

Om han ikke var menneske,
hvem var det da som ble innbudt til bryllup i Kanaan?
Om han ikke var Gud,
hvem forvandlet vann til vin?

Om han ikke var menneske,
hvem var det da som sov i båten?
Om han ikke var Gud,
hvem truet vindene og stillet bølgene?

Om han ikke var menneske,
hvem var det da som gråt ved Lasarus sin grav?
Om han ikke var Gud,
hvem var det som befalte og kalte ut han som hadde vært død i fire dager?

Om han ikke var menneske,
hvem var det da som hang på korset?
Om han ikke var Gud,
hvem rystet jorden i dens grunnvoller?

Om han ikke var menneske,
på hvem sin kropp kjente Tomas sårene etter naglene og spydet?
Om han ikke var Gud,
til hvem ropte Tomas i tilbedelse: «Min Herre og min Gud»?

Efraim Syreren (300-tallet)



JESUS

«Hvert menneske må selv oppdage
hemmeligheten om Jesus.
Og selv om vi gjennom andre
lærer om hvem Jesus er -
og selv om disse har til
oppgave å lære oss det,
er det kun gjennom den
dypt personlige erfaringen vi
får vite hvordan Jesus er»

En munk fra Østkirken



Jule-kviss 2018

1. Kva betyr ordet advent?
2. Kvifor feirar vi kristen jul?
3. Kva er dato for Lucia-dagen?
4. Kva heitte kongen i Jødeland?
5. Kva heitte han som befalte manntalet?
6. Kva heitte byen som Maria og Josef reiste frå?
7. Kva heitte dei tre vise menn?
8. Kva slags gåver hadde dei med seg?
9. Kva dato er Hellig tre kongers dag?
10. Kven av evangelistane fortel om Jesu fødsel?
11. Når og kvar kjem skikken med juletreet frå?
12. Maria og Josef måtte flykte frå Betlehem. Kor reiste dei?
13. Kva farge har blomsten til kristtorn?
14. Når og kvar arrangerar Bruflat sokneråd sin juletreffest?
15. Når er 20. dag jul?

Julerose

Ei legende frå kyrkja i aust fortel slik om opphavet til julerosa:

Det var ein liten gut som kom til krubba med Jesusbarnet i Betlehem. Alle andre hadde gåver med, men han hadde ingen ting å gje til barnet. Han tok til å gråte sårt. Tårene hans rann ned på marka, og der tårene fall, tok det til å spire grøne blader og nydelege kvite blomar. Gjennom tårer plukka han ein bukett og ga til den heilage familien i Betlehem.

Blomane fekk namnet juleroser.

Historia er uansett vakker, slik julerosa er vakker. Vi ser henne stadig oftare mellom julegleder og – stjerner i butikkane, ja ho er også komen til Matkroken i Etnedal.

Marit prest

Sitat i mørketida:

«Merkelig forresten hvordan menneskene er opptatt av hverandre i den 52. uka i desember?

Hvorfor ikke året rundt?

- Blir for dyrt vel, hostet Ludvig
inni cigarrøken.»

Kjell Aukrust i «Ludvigs jul»

«Vi tenner våre lykter når det mørkner,
og når alle lyder pakkes inn i vatt.
Ja, vi tenner våre lykter når det mørkner,
for da lyser de til kvelden si'r god natt.»

Bjørn Rønningen

- Svar:
1. Ankomst, kome.
 2. Vi feirar Jesu fødsel
 3. 13. desember.
 4. Herodes.
 5. Augustus.
 6. Nasaret.
 7. Kaspar, Melkior og Baltasar.
 8. Gull, røkelse og myrra.
 9. 6. januar.
 10. Lukas
 11. Tyskland på 1500-talet.
 12. Til Egypt
 13. Kvit.
 14. 3. Juledag på Menighetshuset
 15. 13. januar



Ingun Kompen fortel her om sine juletradisjonar, frå feiringa heime i Kompen (Øverlisbygda) og juletreffest på Bøvarstogo, til Neverfjord i Finmark, og attende til familie, slekt og vennelag i Etnedal.

Her feirar ho jul saman med Sita, som høyrer til hos bror Ola med familie i Aurdal.

Juletradisjonar i endring

Det er så mykje prat om kor viktig det er med juletradisjonar, at dei er viktige å ta vare på. Eg er langt på veg einig, men mykje kan gjera at det meste endrar seg gjennom livet.

Julekvelden heime i Kompen var truleg som i dei fleste heimane i min barndom og ungdom. Hovudmåltidet var etter at fjøsstellet var unnagjort og dyra hadde fått ein liten ekstra rasjon av noko godt for dei.

Mor var flink med mat, og sidan eg er født like etter krigen, var det sikkert meir å velja i enn i dei harde åra før. Vi hadde ribbe og kjøtkaker, og alltid ei suppe med rosinar og svisker, sikkert ein skikk frå den tida det var sjeldan vare. Rakafisk og lefse hadde vi til kvelds dersom vi hadde fått det frå slekt med fiskerett, og moltekremen høyrde med. Lufefisk stod også oftast på menyen i jula.

Juledagen skulle vi ikkje gå bort, og det var gjerne både kaldt og for langt å gå rundt 7 km ein veg til kyrkja på Bruflat. Men det hadde gjerne vanka noko lesestoff under juletreet, så det var ein god dag for ei leseglad jente - og meir god mat.

Etter kvart vart det litt omgang med slekt og nabojenter, og så juletreffesten på Bøvarstogo skule, som var eit høgdepunkt. Det hende til og med at eg var med syskenbam Bergljot på festen på Bruflat. Der gjekk dei til og med over til solo på små flasker på ein fest. Men det var sjølvsagt også kakao! Slike store overgangar måtte skjje med omtanke...

Etter kvart vart det nordnorsk jul for meg, i Neverfjord på fastlandet innafor Hammerfest. Det var to mannlege lærarar med familie og eg.

Neverfjord er ein fin plass, ei lun vik med mykje bjørkeskog nede ved sjøen. Ein førjulsdag då eg skulle hente posten i skulegangen, stoppa eg heilt opp. Kvar kom den intense gode lukta av grantre frå? Jau - der i kroken stod det langsendte grantreet som skulle pyntast til juletreffesteen! Det var nesten som eg ikkje ville gå derifrå, og tenkte at heime i Etnedal hadde eg aldri tenkt på at det sikkert lukta gran!

Lærarkonene var opptekne av å ta vare på denne einslege sørings-lærarinna, så eg fekk mykje god mat der også. Ei jul var eg bedt til dei i etasjen ovanfor meg på nydeleg kokt kveite og moltekrem til dessert. Dagen etter var eg bedt til dei som budde like ved skulen og internatet, eit steinkast vekk. Der vart det servert kjempegod kokt kveite og moltekrem. Det smakte utruleg godt, og eg var såre fornøgd.

Men då bomba sprang etter nokre dagar, at eg hadde fått same middagsmeny to dagar på rad, vart det baluba! Eg skulle sagt i frå! Korleis? Og eg som fekk noko av det beste eg kunne få! Eg hadde ein stor jobb med å roe ned kokkene...

Vel heime att sør-på vart det mange julekveldar saman

med mor og far, seinare med andre i næraste familie. Så veks familiare, og banda til gode venner er også sterke. Slik har det dei siste åra vore trivelege samkomer etter julekvelds-gudstenesta heime hjå ein av oss, med spleiselag og god mat og prat. Pakkehaugen er ikkje stor. Vi held oss til det vi gjev kvarandre, og har stor glede av det og får takka straks. I eldre år kan det fort gløymast seinare....

Heime har eg juletre - og alt for mykje julepynt - som det blir teke fram mindre og mindre av år for år.... Eg pyntar ikkje før julekvelden. Jula for meg startar då - og varer til ut i januar - når sola varslar at andre årssider er i anmarsj.

Juletradisjonar kan vera så mangt, og det er så flott at det høyrer med noko gammalt og noko nytt. Det gjer at jula uansett er spesiell, enten vi feirar åleine, saman med familie eller den storfamilien gode venner er.

GOD JUL TIL ALLE frå Ingun.



Juleæftan i prestegarden 2016, Ingun Kompen og Ragnhild Fagnæs. Foto: Marit prest

Kultur-Bente om musikk og jul



Frå venstre: Johannes G Berg, Even Brukås Wold, Hanna Espeliodegård, Eremias Yifter Habtom, Alan Mohammad, Hedda Mikkeltstuen, Nikoline Storengen Bergsbakken, Vanessa Kringli Huset, Kristine Espelien, lærar Sissel Albrigtsen Bakke og rektor Bente Hemsing.



Bente Hemsing er busett i Aurdal, har djupe røter i Hedalen, og er vore kulturskulerektor i Etnedal sidan 2012. Musikk og kultur er sjølv livet, seier Bente, som har jobba innan kulturfeltet i 30-40 år.

Bente Hemsing har djupe røter i Hedalen, sidan mor hennar er hedøling. Faren spelte fiolin, og Bente vart tidleg kjent med Valdreslaget i Oslo. Alle feriar var i ho Valdres, og kjende seg tidleg som ei Valdres-jente. Utdanninga innan musikk fekk ho i Oslo på Østlandets Musikkonservatorium. Ho har i tillegg hovudfag i musikk og mellomfag i folkeminnekunnskap frå Universitetet i Oslo, pluss leiarutdanning frå universitetet i Tromsø. Frå ho var ung har Bente sunge vokal folkemusikk, og spela både fiolin og hardingfele. Det var i Valdreslaget ho fyrst møtte folkemusikken. I hovudoppgåva si har ho rekonstruert den gamle springdansen som vart dansa i Sør-Aurdal. Dansen er ikkje så ulik den gamle springdansen frå Etnedal. Ho lærde slåttemusikk av spelemenn som Trygve Bolstad og Harald Røine, og var kollegaer med dei som distriktsmusikarar gjennom fleire år.

Familie

Bente møtte Endre Hemsing på dans, det vart dei to, og etter kvart fekk dei tre barn saman. Ragnhild som no er 30 år, Elbjørg på 28 og Andris 23. Alle er musikalske, og jentene kjenner vi godt til. Andris vil i tillegg til musikken også ha eit anna yrke. Far Endre var langeleikspelar, men døydde diverre for fem år

sidan. Og så er det kome barnebarn i familien Ragnhild og Hallgrim, med Thea 2 ½ år og Eiril på 6 månader.

Når det gjeld hennar eigne barn, seier ho at dei lærde overraskande fort ”med morsmjølka og mykje lek”. Dei kom også raskt inn i godt miljø med gode pedagogar i Oslo. Det var nok ein indre driv som fekk dei så langt så unge.

Kulturskulerektor sidan 2012

Bente Hemsing har vore rektor i kulturskulen i Etnedal i 6 ½ år. I år er det 18 ulike tilbod til barn og unge, med sang, dans, opplæring på diverse instrument, kunstfag og teknisk kulturarbeid, og det er åtte lærarar som underviser, riktignok i små stillingar. I tillegg er også dei vaksne i kor og korps under same paraply.

Bente har jobba i 30-40 år innan kulturfeltet; som instrumentalpedagog, utøvande muskar, med nasjonal nettverksbygging, som folkemusikkarkivar og som lærar på folkemusikklinja på Valdres vidaregåande skule, den tida ho eksisterte.

Likevel er pedagogisk arbeid med undervisning det som er nærast hennar musikk-hjarte.

- Kulturskulen bygger sjølvtilitt, glede og stoltheit, seier Bente. - Å feire 20-årsjubileet for kulturskulen i Etnedal i kyrkja var også så fint, seier Bente. - Eg likar å bruke kyrkja både i sorg og glede, det er ankeret mitt.

Når Bente underviser, brukar ho alltid noko folkemusikk. Kulturskulekoret i Etnedal likar å synge av dette repertoaret, med gamle sangstubar og bånsullar.

- Musikk og kultur er sjølv livet, seier Bente. Ho legg til at rammeplanen for undervisninga byggjer på filosofien til FN sin barnekonvensjon der det m a heiter at alle barn skal ha tilgang på kunst og kultur. Lågterskertilbod har stor verdi i seg sjølv, og gjev opplevingar som er verdfulle. Men ein må øve for å bli flink i noko. Dei færreste blir utøvande kunstnarar, men meistring er ein stor verdi i seg sjølv. Det skapar trivsel og glede. Eit publikum er også viktig, alle er med på å skapa liv i ei bygd.

Bente si jul

Juletradisjonane i familien til Bente Hemsing er tradisjonelle, eit krav frå den yngre generasjon. Heile familien går i kyrkja julekvelden, og dei må gå rundt juletreet. Julenissen kjem også innom, diverre alltid når storebror og onkel Andris er oppteken med noko anna....

Menyen er ribbe og moltekrem, medan Bente kosar seg med lutefisk. På formiddagen høyrer mandelen i risengryns-grauten også med, med marsipan-gris til den heldige finnaren.

Ho minnest at storfamilien feira jula saman i Hedalen i oppveksten. Det var høgtid, nærheit og familie, teiknefilmar og Sølvguttene. Rakafisken vart servert om formiddagen, med ”god og sterk lukt”!



Tradisjon med kyrkjegang på julaften. Aurdal kirke.

Hurra før oss som er tjue år!

Barne-kor, voksen-kor, musikk-korps og utøvarar på ulike instrument attåt ei bilet-kunstutstilling, gjorde 20-årsfeiringa for kulturskulen i Etnedal i Bruflat kyrkje fredag kveld til ein fest for sansane.

Sang og musikk av små og store

Rektor Bente Hemsing leidde program og aktørar, med god støtte av mange instruktørar. Ho hadde også laga ei dialekt-bursdags-verse som allsongen fekk skikkeleg dreis på.

Hurra før oss som fyller tjue år,
ja, no vil mø jubilere.
Store og små i samene mø går,
før dikka mø vil briljere.
Spela, måle, danse, syngje ein lått,
nyte musikken, det er jammen flott.
Tenk så fine unga Etnedal' n har,
Ja, no vil mø rettigt feire.

Ser du etnedølen

Kulturskulekoret sjarmerer alle med sangstubar som "Ser du etnedølen" og "O alle gamle kjæringa". Fleire viste også at dei kunne traktere andre instrument enn stemma.

Programmet var variert, med stor applaus for alle framføringar av flotte ungar og ungdommar.

I tillegg til sang og bilet-kunst var det gitarspel, fiolin, bruk av rytmeinstrument og tangentar som imponerte publikum i ei nær full kyrkje.

Kor og korps

Litt gøymt bak i koret i kyrkja serverte Bruflat Musikklag fleire feiande nummer, og Bruflat sangkor er sjølvsagt også med i denne "kulturfamilien".

Aurora Rotnes hadde som yngre stor glede av kulturskulen, og utdannar seg som voksen innan sektoren. Ho framførte "Det for två vita duvor" saman med Arne Nygård på gitar. Ho song også saman med Bruflat Sangkor, der gjennomsnittsalderen er mange ti-år over alderen til kulturskulen! Dirigent Serhiy fridde til publikum med løfte om mykje moro om det er nokon som kan auke medlemstalet i koret!

Historikk

Bente Hemsing tok ein prat med Ronald Rasmussen. Han kom til Etnedal som musikkinstruktør i 1978, og jobba i alt 32 år med sang og musikk i bygda. Ronald framførte ein negro spiritual saman med Serhiy Bykov. Dei filosoferte også over kva musikk gjer med

oss; får oss til å danse, klappe, vera saman, drøyme....

50-60 elevplassar

Rektor på skulen i Etnedal, Jan Arild Berg, gratulerte også med jubileet. Det kom fram at i starten av kulturskulen var det 19 elevar, i dag er det 48 som deltek på ein eller fleire aktivitetar innan musikk og forming. Slik er det 50-60 plassar i alt.

Bente takka Ronald for at han har gjort så mykje for kulturskulen gjennom åra. Ho presiserer at Etnedal med 30 prosent deltaking er på Valdres- og landsgjennomsnittet når det gjeld kulturskule-aktivitet.

Rose-takk til lærarane

Bente fekk alle lærarane i kulturskulen fram for ein takk med gode ord og ei rose til kvar. Berre danselærer Anne Birthe Nord med 18 elevar var ikkje til stades. Ho minte også om at julekonserten i kulturskulen i år blir i Nord Etnedal kyrkje 11. desember.

Bursdags-kringle

Det var ein fin kveld for alle, og ein aktiv kveld for dei vaksne som hadde ansvaret for at programmet kunne gå så flott etter planen; frå Øyvind Fagernæs med lyd - til alle lærarane i kulturskulen som akkompagnerte, dirigerte og organiserte.

Til slutt var det sanneleg også bursdags-kringle til alle, som ein siste smakebit på alt det den mangearta kulturen i Etnedal kan vise til.

Ingun Kompen



Ung fiolinist: Maud Erlandsen på 8 ½ år fekk stor applaus både frå benkane og midtgangen i Bruflat-kyrkja då ho imponerte saman med Serhiy Bykov i "Fantasia, The Boy Paganini" av Edward Mollenhauer.



Takk til kultur-lararane: Rektor Bente Hemsing takka alle lærarane i kulturskulen i Etnedal på 20-årsjubileet fredag. Frå venstre Bente Hemsing, Simen Motrøen, Serhiy Bykov, Ronald Rasmussen, Sissel Albrigtsen Bakke, Øyvind Fagernæs, Lars Erik Haugerud, Arne Nygård og Jan Arild Berg.



"Søvnløs" av Hellbilies var siste innslag i kulturskule-konserten i Etnedal, og alle heldt seg vakne til siste flotte slutt. Frå venstre Simen Motrøen, Mira Bykova, Pernille Bjørnødegård, Mia Kristin Bassett, Emil Øybakken Elg Fossum og Arne Nygård.

Frå reisedagboka : Turistar i Georgia og Armenia

Eit reisefølgje på 30 nordmenn med to etnedøler, var i haust på ein interessant tur til Georgia og Armenia. Landa ligg mellom Europa og Asia - ved Kaukasusfjella og Svartehavet. Området er fullt av vakre fjell, grønne dalar, vinmarker og gamle kyrkjer og kloster.

Vi køyrde mykje i buss og såg mykje majestetisk natur. Ararat-fjellet kjenner vi frå bibelsoga - om Noa som stranda der. Det ligg no i Tyrkia, sidan Sovjetunionen gav det til Tyrkia i 1921. Det skal til og med vera funne gamle tre-bitar av Noa sin ark på Ararat-fjellet.

Georgia

Landet er historisk eit gammalt kristent kongedømme med snaut 5 millionar innbyggjarar. Republikken lausreiv seg frå Sovjetunionen i 1991. Landet er fullt av fjell. Grensa i nord mot Russland følgjer ryggen av Store Kaukasus. Høgaste punkt er Sjkhara på 5200 m.o.h, og Svartehavet er nede på 0.

Vi budde i hovudstaden Tbilisi, som ligg på begge sider av elva Mtkvari. Historia til byen går attende til 300-talet, og har fleire gonger vore så godt som jamna med jorda i krigar. No er det ein by med mange moderne bygg, og bad med vatn frå dei varme kjeldene i undergrunnen. "Tbili" betyr varmt, og vatnet skal vera på 38-40 grader.

Uplistsikhe

Grottebyen var vel verdt eit besøk, hoggen inn i fjellet. Frå 500-talet f. Kr. til fyrste århundret e. Kr. var byen eit førkristent religiøst sentrum der solgudinna vart dyrka. Etter den arabiske invasjonen i området i 645 vart Uplistsikhe residens for kongar som gjorde dei om til kyrkjer. På det meste skal det ha budd 20 000 menneske i grottebyen, som då var mykje større enn no.



Torgun Thon Hagaseth i grottebyen Uplistsikhe.

Armenia

Republikken vart også uavhengig av Sovjetunionen i 1991. Det bur vel 3 millionar menneske der. Landet er rekna å vera verdas eldste land og sivilisasjonens vogge - der dei fyrste byane vart oppretta. Kongeriket Armenia vart oppretta alt på 500-talet før Kristus, og i år 301 vart kristendommen statsreligion. Hovudstaden er Jerevan, ein moderne by med mykje kunst. Det har budd menneske der sidan bronsealderen, og er av dei eldst kontinuerleg bebudde byane i verda.



Araratfjellet, der Noas Ark stranda, var flott synleg frå Armenia, der det låg før. Men i 1921 gav Sovjetunionen det til Tyrkia. Framleis er det eit nasjonalsymbol i Armenia.

Folkemord

Landet har ei dramatisk historie med blant anna folkemordet på armenerane i 1915. Det er rekna med at ca ein million menneske døydde eller vart drepne av tyrkerane. Armenerane på si side massakrerte om lag 500 000 tyrkerar.

Armenia er også eit høgtliggande land i Kaukasus. 90 % av landet ligg høgare enn 1000 m over havet. 390 m.o.h. er lågaste punktet. Det høgaste punktet vi passerte var Jvari-passet på 2379 m.o.h.

Jordskjelv

Det finst mange utdøydde vulkanar i landet, og jordskjelv er det ganske ofte. 7. desember 1988 var det eit stort jordskjelv som tok 25 000 menneskeliv og 13 000 vart skadde. Noreg var blant landa som hjelpte med blant anna å bygge eit hospital. Vi passerte hospitalet på turen vår.

Dyreliv

Vi såg mange husdyr som beita, ofte nokre få som vart passa av ein gjetar. Men det var også store flokkar av sauer, hestar og kyr som gjekk og beitte i bratte ås-sider. Dei måtte laga seg stigar på tvers av bakkane. Det såg rett og slett livsfarleg ut, syntest Torgun (Thon Hagaseth) og Ingun (Kompen), som hadde ein flott tur, trass noko problem med eit magevirus, som tydeleg trivdest i gruppa vår.

NORD – NORSK JULESALME

Velsigna Du dag over fjordan,
velsigna Du lys over land.
Velsigna de evige ordan,
om håp og ei utstrakt hand
Verg dette lille Du ga oss,
den dagen du fløtta oss hit,
så vi kjenne du aldri vil la oss
forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa,
men hadde så sterk ei tru.
Og ett har vi visseleg sanna:
vi e hardhaua vi som Du
No har vi den hardaste ria,
vi slit med å kave oss frem
mot lyset og adventsti'a,
d'e langt sør te Betlehem.

Guds fred over fjellet og åsen,
la det gro der vi bygge og bor!
Guds fred over dyran på båsen
og ei frossen og karrig jord!
Du ser oss i mørketidslandet.
Du signe med evige ord
husan og fjellet og vannet
og folket som lever her nord.

Trygve Hoff

MI SALME

Takk før utfordringen Hanne Kompen, denna passa heilt i mi komfårsonne.

Så med litt nøye gjennomtanke kom e på når e va liten så vart eg sunget til på senge, så min salme må bi «kjære Gud jeg har det godt»

*Kjære Gud jeg har det godt,
Takk for alt som jeg har fått.
Du er god, du holder av meg,
kjære Gud, gå aldri fra meg.
Pass på liten og på stor,
Gud bevare far og mor,
og alle barn på jord.*

E vil videre få utfordre min gode venn, Joachim Sveen.

Erling Brufladt



ØNSKEDIKTET

Takk til Wenche Rognerud for hyggeleg omtale og overlevering av stafettpinne.

Me har mange kloke og framsynte lyrikerar i historia vår. Gudbrandsdølen Jan Magnus Bruheim (1914-1988) er ein av dei. Han var ein samfunnsengasjert forfattar, som også skreiv mykje klokt om oss menneske. Eitt av mine favorittdikt er kort i ord, men det har eit omfattande og viktig budskap om kor viktig det er for fellesskapen at me har medkjensle for dei rundt oss

*Dei gode ordi,
sagde når som mest dei trengst,
du veit at det er dei som varar lengst.*

Eg ynskjer å sende utfordringa vidare til ein som óg set pris på god lyrikk: Bjørn Mikael Espelien.

Jane Iren Solbrekken-Nygård



Denne bordbiten fann eg i eit skåp i prestegarden då eg rydda.
« Brufladt den 10. jan. 1964
Ivar Lien – Kolbjørn Fjeld –
Erling Bekkelien
N.B Restaurering av
presteboligen (Presten Eide)
Enestående fin vinter, ca. 40 cm.
snø. 12 grader i dag.»
Marit prest

KONFIRMANTJUBILANTER 2018

70-års konfirrantjubileum



Fem av 70-årskonfirrantane i Etnedal var samla til jubileumsfeiring i juli. Frå venstre : Gerd Brandtzæg f. Breien, Tonethe Jensen f. Engen, Odd Bråten, Mikael Ødegård og Anna Byfuglien, f. Saglien.

50-års konfirrantane feira i september



BRUFLAT. Frå venstre: Elinor Strande, Boie Strande, Asta Karin Kampen, Elvin Byfuglien, Marit prest, Arve Lillesolberg, Inger Anna Bergli, Eric Lunde og Jorun Barlund f. Byfuglien.



NORD-ETNEDAL. Solveig Solbrekken, Jan Arild Berg, Britt Karin Bergene, Anders Grønbrekk og Eva Solbrekken.

Kyrkjesletta på Dalen



Kyrkjesletta i dag ligg midt i eit stort stølsområde. Det heiter seg at det var fastbuande både på Grøslia, Dalen, Baustin, Fuksebrekk og i Sveningo så langt tilbake som før svartedauden. Seinare overtok stølane, men framleis var det fastbuande i området her både på 1800 – talet og faktisk til etter krigen. Ja, på ein plass som heiter Ulstølen var det fastbuande heilt fram til fyrst på 1990 – talet.

På Nustadhaugstølen, eit par kilometer frå Kyrkjesletta, vart det midt på 1800 – talet brent kalk. Det var i gammal tid mykje spurlag etter kalk til peismuring og leirliming av steinfjøs. Kalken vart òg nytta til bløytning av lutefisk og til såpekoking.

I Fuksebrekk var det ein som heitte Halvor i Bakkåkerjordet (Bakkejordet). Han med brende mykje kalk. Den kalken som vart brukt då dei mura Aurdal hjelpefensel vart brend i ei kalkgruve som var mellom stølane Fuksebrekk og Skjenaløk.

Segna vil ha det til at det stod ei lita stavkyrkje på Kyrkjesletta før Olav Haraldson før gjennom Valdres. Då skulle kyrkja vore full av trollpakk, men Olav den

heilage dreiv dei ut slik at folket fekk att kyrkja si. Segna fortel at kongen seinare flytte den vesle kyrkja til Skrautvål.

Det fins ingen skriftlege kjelder som fortel at det har stande ei kyrkje her og kan difor ikkje dokumenterast. Kan godt hende det er tilfelle og kan hende er det ei segn. Eg for min del trur at det kan ha stått ei kyrkje her, men neppe flytt. Men sikkert er det at murstein vart kjørt frå noko som vart omtala som den gamle kyrkjetomta då ein som heitte Eivind Ranei bygde nytt selshus nedi bakkane her rundt 1830. Den muren stod litt ovanfor Kyrkjesletta.

Og det er ein ting til som kan dokumenterast og er omtala skriftleg av fleire kjelder.

Ein gammal allfarveg som vart kalla Frugevegen gjekk forbi her.

Den vegen starta på Biri, gjekk om bygdene ved Mjøsa, Øvre Snerthingdal og Torpa, opp gjennom Etnedalen over Nyset og Tangen og til Steinsetbygda, forbi Kyrkjesletta, austom Grøslie og til Øystre Slidre. Han gjekk ikkje etter dalbotnen der vegen stort sett går no ,men fylgde høgdedraga.

I frå Volbu i Øystre Slidre og til Lomen i Vestre Slidre vart han kalla Kvamsvegen og derifrå kunne du fylgje den gamle kongevegen heilt til Lærdal. Mykje tyder på at Frugevegen, i tillegg til å vera ein ferdsselveg, vart brukt av pilegrimmar. For pilegrimane brukte, som andre, dei vegane som var kjent og som det passa best å følgje. Det er ikkje sikkert at alle var farbare med hest og vogn, men ri – og rekslevegar var det nok i allefall.

I årboka for Land 1997 er det beskrevet at det i frå Biri til Kjensjord var det ei kort dagsreise. Der skal det visstnok ha vore ei kyrkje. Tek ein heile strekket fram til Valhovd var det truleg ei lang dagsreise. Der skulle det ha vore eit munkekapell. Etter vegen finn ein mange namn som peikar i retning av at det har med kristendom og tru å gjera. Slik som Munkhatten, Tempelmyra, Kjerkjehella, Jomfruslettfjellet og altså her som det heiter Kyrkjesletta. Og faktisk er det ei hule nørdest i Sigloberget på Grøslie, ikkje så langt unna her som blir kalla Korokyrkja. Her heiter det seg at pilegrimmar fór forbi og overnatta.

Elles veit vi at før Nord – Etnedal kyrkje vart teken i bruk i 1866 så sokna nord – etnedølene til Skrautvålskyrkja. Dei byrja planlegge bygging av Nord – Etnedal kyrkje i ca.1840 og den stod altså ferdig ein 25 – 26 år seinare. Det var frå ei til ei og ei halv mil å gå og ein kan berre tenkje seg korleis det var å ta seg fram dit i sorg og glede over åsen og i all slags vær

og føre. Så viss ein tenkjer på han som tok murstein til selet sitt i 1830 og at planane om ei kyrkje i Nord-Etnedal starta i 1840 so lyt ein kanskje tilbake til 1700 – talet enn kanskje meir viss det har stått ei kyrkje her nokon gong.

Kyrkjesletta har vore, og er ein sentral plass i Skrautvålsfjellet. Kor gammal Kyrkjesletta er, og kor lenge det er sia ho framstod slik ho i dag, er uråd å vita.

Store – Trygve var med og la opp att benkane sist på tredvetalet eller fyrst på førtitalet.

Det har vore messe her til kvar sommar. Så lenge Egil Kampenes budde i Skrautvål var det han, i samarbeid med soknepresten i Etnedal, som arrangerte messene her i regi av Indremisjonen. Han fekk med seg hornmusikken i Skrautvål, som han var drivkraft for, og ordna musikk sjølv. Etter at Egil og familien flytte frå bygda, er det prestane i Nord – Aurdal som har halde gudstenester her.

Elles har det vore mange vigslar og barnedåpar på Kyrkjesletta.

Frå 1935 og ca. 30 år framover var det ei som heitte Inga Goflebakke som var budeie på ein støl ca 150/200 meter sør/ned for Kyrkjesletta. Ho har skreve dette diktet:

Vår heimbygds kyrkje.

*Vår heimbygds kyrkje, så nær du oss er
frå alle gonger vi møttest der.
Då vi var små fylgde mor og far –
dei fagraste minne vi enno har.
Seinare fram på livets stormfulle hav,
Vår heimbygds kyrkje, du trøyst oss gav.*

*Kyrkjer fall og sokk i grus –
enno lyser vårt kyrkjehus.
Klokkene har kalla i hundrer av år
gjennom skiftande tider – vinter og vår.
Kalla til sorg, til høgtid og fest,
til Herrens bord som hans eigen gjest.*

*Guds stille fred kring kyrkja vår.
Der kviler dei kjære frå grenda vår.
Ætter kom, og ætter gjekk i grav.
Kyrkja gav trøyst gjennom strid og kav.
Til komande slekter kyrkja ber ord
om fred og signing for alle på jord.*

Asta Karin Kampen



Asta Karin Kampen på Kyrkjesletta. Konfirmantane våre har i mange år starta konfirmanttida si med vandring frå Kyrkjesletta til Nord-Etnedal kyrkje.

Her er årets konfirmantar saman med prost Carl Philip Weisser som leia vandringa saman med Klara Månnum og Steinar Stenseth



*Konfirmantane i nørre Bergsbakko:
Frå venstre: Tor Eirik Stubbene, Karoline Stubbene, Jeanette Korsvoll, Malin Månnum, Tim Carmelo Cano Hestekind, Emil Øybakken Elg Fossum, Elias Fevang og prost Carl Philip Weisser.*

KULTURDAGATN

Kulturdagar med handverksmesse

Kulturdagatn i Etnedal starta laurdag med opning av den årlege handverksmessa på Skogtun på Bruflat. Ordførar Toril Grønbrekk opna veka, og det var underhalding av kulturskuleelevar før dei kjøpe lystne kunne starte handlinga. Utvalet var som alltid stort, med mykje pent og nyttig i mange teknikkar; som strikking, hekling og toving med meir. Det var måling på lerret og tre, sølvarbeid og saum, skinnprodukt og kaker - med meir. Den einaste karen i flokken var Kåre Hagen med sine stabbur i ulik storleik til ulikt bruk. Han etterlyste fleire menn, men fann seg godt til rette blant damene. Vaffelsalet lokka mange til ei ekstra kosestund på Bruflat i helga. Gevinstbordet var stort og variert, noko leiar av Etnedal Husflidslag, Marlyn S. Bergeid, her viser ein liten del av.



Ingun Kompen



Flott konsert i Etnedal: Bruflat Sangkor med Serhiy Bykov som dirigent hadde invitert Geirr Lystrup og hans faste medhjelpere til konsert tysdag i Kulturdagatn. Frå venstre Frode Berntzen, Maren Aarskog, Geirr Lystrup og Morten Strypet. Ingun kompen

Lystig

Lystrup-konsert i Etnedal

Geirr Lystrup laga med god hjelp av mange ein flott kveld for full sal i Etnedal på Kulturdagatn. Bruflat sangkor hadde bedt til seg songaren frå andre sida av Mjøsa, med eit lenge angrande løfte om å delta på konserten. Men etter mykje øving var koret klart, og kulturskulekoret var garantert klart. Då var det berre å vente på at dei proffe folka lokka til seg ein fullsett tysdagskveld. Det lykkast til fulle!



Alt klaffa! Kulturskulekoret i Etnedal song så det ljoma i salen på konsert tysdagskvelden, og ein fullsett sal applauderte og var imponerte over sanggleda. Bente Hemsing leidde koret, frå venstre Even BrukåsWold, Hanna Espeliødegård, Maia Robøle, Emma Sletli Thorsholen, Synne Robøle, Johannes Berg, Sofie Tidemandsen Skåren og Maren Madelen B. Sveen Skjellerud og Geirr Lystrup.

Tungtvannssabotørane i Valdres

Orientering om fluktruta til tungtvannssabotørane i Valdres vart eit interessant møte på Blaaflydt Spiseri torsdagskvelden. Det var tre "hovudpersonar" til stades; Tom Lium som snakka - og Kristian Bergsund som orientere på vegner av den tause utstillingsdokka. Sistnemnde var kledd og utrusta som karane på den strabasisøse turen gjennom fjellområda for å ikkje bli oppdaga og tekne av tyskerane.

Ung leiar. Joachim Rønneberg var den yngste av karane, 23 år. Han var også leiaren for dei som i februar 1943 sprengde tungtvannsanlegget på Vemork ved Rjukan. Etter aksjonen brukte dei 14 dagar på ski tvers over Noreg til Sverige.

Rønneberg døydde 21. oktober i år.

Lokalkjente. Tilhøyrarane følgde interesserte med, mange hadde kartet i hovudet og visste mykje om kvar karane hadde gått i Valdres og Etnedal. Dei var naturleg nok ikkje svært godt utrusta for ein så lang tur, som også vart fleire dagar lenger enn planlagt. Difor måtte dei koma seg inn i hytter langs ruta for å finne mat, og for å kunne kvile innomhus. Då kom det godt med at ein av karane hadde spesialisert seg på å dirke opp låsar!

Sovepose. Det vart vist fram våpen og anna utstyr, mellom anna ein sovepose. Sidan dei la seg fullt påkledd for raskt å kunne koma seg vekk om nokon skulle oppdaga dei, hadde dei ein vasstett pose som dei hadde føtene i, med våte sko og sokkar etter dagens vandring.

Ein måte å skjule identiteten deira på, var å gå på rekke, kledd og utrusta som om dei var ei tysk patrulje på vandring.

Bøker. Det er bøker om denne turen som er vel verdt å lesa for historisk- og krigsinteresserte folk. Utan tvil bør vi vera svært imponerte over evna og viljen til gjennomføre noko så farefullt som aksjonen på Vemork, og seinare flukta gjennom meir og mindre folketomme område for å koma seg trygt over til Sverige.

Ingun Kompen

"Tungtvannssabotøren" i midten er flankert av dei som førde ordet for han om fluktruta gjennom Valdres i 1943, Tom Lium og Kristian Bergsund til venstre.



Torodd Lybeck - om viser og vatn

Kulturdagatn i Etnedal omfattar gammalt og nytt, natur og folkeliv. Tysdag-kvelden kom etnedølen Torodd Lybeck i svært interessert selskap, med bilete og omtale av mange av fossane i Etna. I tillegg vart det viser og stubbar frå det vi kallar "gamle dagar".

Fosse-boka

Boka hans - "222 fossar i Valdres" - var grunnlaget for den delen av programmet. Torodd viste bilete og fortalde om natur og dramatiske historier omkring fossefalla.

Det viste seg at nokre av desse fossane var det ingen i publikum som hadde sett, så det kan bli målet for turar til neste sommar.

Han krydra med viser som vart brukt i arbeidslivet, særleg dei med mykje tungt arbeid for å få tømmer på vassvegen sørover. Der måtte alle å ta tak samstundes etter takta i songen.

Etterpå vart det andre gamle viser og stubbar han hadde på opptak. Det var interessant å høyre, og ik-

kje minst å kunne få notert kven desse informantane om gamle tradisjons-viser var, medan vi lever som kjende dei.

Bente Hemsing fortalde at kulturskulelevane hennar har fleire av desse visene på repertoaret, og fleire blir det truleg etter denne trivelege kvelden på Frivilligsentralen på Brufflat.

Ingun Kompen



Etnedalskultur: Torodd Lybeck kom "heim" då han viste bilete frå mange fossar langs Etna til eit interessert publikum på kulturdagatn. I tillegg var det ein triveleg sekvens med gamle lokale utgåver av viser og regler.

Vandring på Kongeveg

Laurdagen på kulturdagatn bad Etnedal Turlag inn til vandring på Kongevegen, som startar ovanfor Bruflat og går bratt oppover. Eitt mål kan vera Breiesleiren, og to i følget gjekk heilt dit.

Haut-tur er flott

Linda Mæhlum Robøle var turleiar, og seier at hausten er fantastisk fin å bruke til turar i naturen. Vegetasjonen er meir beskjeden då, og det gjev mykje betre utsyn.

- Det er nesten så ein kan høyre hestepusting og lyden av høver som stampar seg oppover den lauvklede bakken, seier ho - som hadde med seg døtrene på turen.

Langs Kongevegen er det mange synlege restar frå svunnen tid. Dette var hovedvegen mellom Oslo og Bergen. Namnet tilseier ikkje noko om at det var kongar som vart frakta over åsen nokon gong. Men det var kongeleg kapital og forordning som gjorde at vegen vart laga. Stigen er godt merka, og det er ein fin tur som er sterkt å anbefale. Men bratt er det oppover - og endå brattare ned att – med stigning på 450 høgdemeter.

Ingun Kompen



Etnedal Turlag: Linda Mæhlum Robøle var turleiar laurdag på Kongevegen opp frå Bruflat. Døtrene Maia (til venstre) og Synne Borghild var også med. Anne Marit Eide og Torodd Lybeck gjekk heilt opp til Breiesleiren. Ingun Kompen

TV-aksjonsgudsteneste

Kulturskulekoret var mellom aktørane på gudstenesta, der prost Carl Philip Weisser forretta.



Frå venstre . Dirigent og kulturskulerektor Bente Hemsing, Hanna Espeliødegård, Maren B. Sveen Skjellerud, Even Brukås Wold, Emma Thorsholen, Synne M. Robøle, Sofie Linnea Tidemandsen Skåren, Johannes G. Berg og Maia M. Robøle.

TV-aksjon og treff på Menighetshuset

Som vanleg stilte etnedølene opp for TV-aksjonen. Sluttresultat kr. 103.822, 76,79 kr. pr. innbyggjar. Næringsliv og organisasjonar ga betydeleg meir enn tidlegare år, (auke på kr. 7.600 frå i fjor) og det vart samla inn vel 11.000 kr ved auksjon og utlodding på Menighetshuset. Etnedal kommune vart nr. 1 i Opp-

land og nr. 46 av totalt 423 kommuner i landet. Det er god grunn til å takke alle gjevarar for bidraga til TV-aksjonen, som i år gjekk til Kirkens bymisjon under det gode mottoet «Mindre alene sammen». Vi har vore med på å skape møteplasser for mange.

Marit prest



Marta Bjørnøy Lalim inspirerte mange då ho fortalde om Kirkens bymisjon på Menighetshuset.



Vebjørn Bachér briljerte som auksjonarius. Ho fekk fram både smil, latter og gjevarglede ...



Syver Øistuen, frå TV-aksjonskomiteén og Petra Granstrøm i Etnedal sparebank presenterer resultatet av bøsseaksjonen og treffet på Menighetshuset.

Julesitat:

«Jeg vil hedre julen i mitt hjerte, og prøve å gjøre det hele året.»
Charles Dickens

«Julen handler ikke så mye om å åpne pakker, men om å åpne våre hjerter.»
Janice Maeditere

«Dypt, dypt lå minnet om julen. Som en brønn hvor han kunne hente vann i mørketider.»
Sigurd Hoel

Informasjon frå kyrkjekontoret:



kyrkjegard. Det viser seg at det er for dårleg jord på dette feltet og nedbryting skjer ikkje heilt som det skal. Etnedal kyrkjel-ege fellestråd har difor vedteke ei fredingstid på 50 år for dette feltet. Det kan difor ha betydning for dei som ynskjer å bruke opp att graver på dette feltet.

Det er berre å ta kontakt med kyrkjekontoret dersom de ynskjer meir informasjon om dette vedtaket.

Reperasjon av taket på Nord- Etnedal kyrkje:

Dette året har me i fått hjelp av Valdresmusea til å sjå på kva løysing som er best for å reparere taket i Nord- Etnedal kyrkje. Dei har laga ein rapport til oss som me har brukt for å få godkjent tiltaket hos Hamar biskopen. I rapporten vert det lagt opp til at ein anten legg nytt undertak eller legg skiferstein rett tilbake på taktroa slik som i dag. Me har fått godkjenning for begge deler av biskopen. Det er mykje av steinen på taket som kan brukast opp att, men den må fyrst takas ned og vaskas. Steinane som er øydelagt vil blir erstatta av nye. Etnedal kommune sette av pengar til ekstraordinært vedlikehald av Nord- Etnedal kyrkje i 2018, og det ser ut til at vert vidareført det i 2019. Det er også andre vedlikehaldsoppgåver ved kyrkja me håper å få gjort i 2019, som maling og ny trapp inn til sakristiet.

Fredingstid på felt E ved Nord- Etnedal kyrkjegard

I oktober vart det vedteke ny fredingstid for felt E (det nyaste og største feltet) ved Nord- Etnedal

Utvidelse av kyrkjegarden i Nord- Etnedal:

Etnedal kyrkelege fellestråd har i mange år arbeidd med å få på plass ei utviding av kyrkjegarden ved Nord- Etnedal kyrkje. Allereie i 2016 vart det sett av pengar til tiltaket i kommunen sitt investeringsbudsjett for 2017. Kyrkjeleg fellestråd vart ferdige med detaljplanlegginga av den nye kyrkjegarden tidleg same år, men grunna behovet for jordmasser til utvidinga, samt fleire parkeringsplassar, sette ein i gang eit nytt reguleringsarbeid i samband med kyrkjegardsprosjektet. Den nye reguleringsplanen vart lagt ut på høring, det førte til at det kom innsigelsar frå Statens vegvesen, NVE og fylkesmannen. No har Statens vegvesen og fylkesmannen trekt sine innsigelsar, men NVE vil ikkje gjere det same utan ytterlege tiltak. Dermed vil me no sjå på andre løysingar for korleis me skal gjennomføre utvidinga ved Nord- Etnedal kyrkjegard. Detaljplanlegginga vil i desember 2018 bli sendt til Hamar biskopen for godkjenning. I detaljplanlegginga har me også med universell utforming av inngangspartiet ved Nord- Etnedal kyrkje.

Når godkjenninga er på plass vil me i samarbeid med Etnedal kommune finne ei løysing for korleis me skal bli ferdige med kyrkjegardsprosjektet innan rimeleg tid.

Ordinære åpningstider på kyrjekontoret:

Måndag, tysdag, torsdag og fredag
kl. 09.00 – kl. 15.00.

Me er få i staben, og det hender me er på møter e.l. Skulle du koma til stengt dør kan du ta kontakt med servicetorget i kommuna. Dei veit når me kjem attende. Vil du vera heilt sikker på at me er til stades, er det best å avtale tid med oss.

Telefonnr: 61 12 13 20

E-post: post.etnedal@kyrkja.no

Nettsida: www.kirken.no/etnedal

FOR ALLE TING

For alle ting råder Vårherre,
stille og storm og stridt.
Aldri du bad um berre
medbør i livet ditt.

Du berre bed um den styrken
som trengst til å bera ei bør.
Med mildskapen møte hatet
som rispar med sine klør.

Du kjenner at livet har røter
både i himmel og hel.
Alt godt eller vondt du møter,
er med til å mogne ei sjel.

Jan-Magnus Bruheim

Kontortid – soknepresten

Sokneprest Marit Slettum har ikkje ordinær kontortid, men er ofte innom, og kan treffast på tlf. 913 93 314.

Marie Bjørnødegård
Kyrkjeverje

Du ljøs frå himmelrommet

Du ljøs frå himmelrommet som kom og vart vår bror,
du synte oss at kjærleiken gjev livet til vår jord.
Ei stjerne sto og lyste og synte oss ein veg,
så vi og mange andre kan finna fram til deg.

Så gjev oss du eit auga så verda snart kan sjå
at om vi finn den vegen, da vil vi berging få.
Frå barn i ussel krybbe til eselfolen ri,
du møtte hat med nåde og kjærleik som set fri.


Du kom fra himmelrommet du vart som ein av oss.
I gjennom tusenåra vårt merke er din kross,
I gjennom tusenåra vårt merke er din kross.

Ragnhild Fagernæs





Etnedal
kommune



- Minst og best -

Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no, og Etnedal kommunes face-book-side

Kjære sambygdinger og andre lesere av Kyrkjevarden



Julehelsing fra ordfører Toril Grønbrekk

Året 2018 er snart historie og vi blar kalenderen over til 2019 som vil bli et nytt og spennende år for Etnedal.

Vi har det bra her i Etnedal, vi har gode tjenestetilbud og det er godt å bo her. Slik vil vi også at det skal være i framtida, derfor må vi ruste oss for den!

De siste åra har Etnedal kommune foretatt store og nødvendige investeringer på mange områder. Dette har gitt oss en flott barnehage og ei godt oppgradert skole. Vi har Etnedalshallen med alle de tilbud som finnes der. Vi har fått nytt helsehus og hensiktsmessige lokaler til fysioterapi og ergoterapi. De nye omsorgsboligene med heldøgns bemanning er innflytningsklare og det nye rensaneanlegget på Bruflat er satt i drift. Hellefossbrue skal stå ferdig til sommeren! Fv 33 over Tonsåsen opprustes!

Framtidige økonomiske utfordringer for Etnedal kommune har vært kjent over tid. Vi vet vi må spare i størrelsesorden 10 millioner i løpet av en fireårsperiode, og med det som bakteppe har kommunestyret bedt administrasjonen jobbe med driftstilpasninger i alle ledd i organisasjonen. Administrasjonens forslag til budsjett for 2019 legges i skrivende stund fram til politisk behandling.

Driftstilpasningsprosesser er krevende og vanskelige. For ansatte som rammes og for brukergrupper som frykter reduserte tilbud. Som ordfører ønsker jeg å opprettholde alle gode tilbud. Samtidig er det vår plikt som politikere å tilpasse driften til kronene vi har i den kommunale lommeboka. For at vi også i framtida skal ha gode tjenestetilbud! For at det også i framtida skal være godt å bo i Etnedal!

Vi vil ha en positiv befolkningsutvikling og øke bosettingen i Etnedal. Derfor er det viktig at Etnedal kommune er en aktiv bidragsyter til utvikling av Etnedalsamfunnet. Det har vært nedsatt 4 politiske arbeidsgrupper som har jobbet med følgende tema; Etna elv, ubebodde hus, kommunikasjon og næringssliv. Veldig mange gode innspill kom fram i arbeidet og kommunestyret vedtok en prosjektplan i juni 2018. Jeg ser fram til å fortsette med dette viktige arbeidet når administrasjonen på nyåret legger fram

forslag til fremdrift.

Vi er få i Etnedal. Desto stoltere er jeg når jeg ser alt vi i fellesskap får til! Vi har flotte og dyktige ansatte i Etnedal kommune. Vi har engasjerte politikere som jobber for det beste for befolkningen i bygda. Vi har et hav av frivillige som legger ned en formidabel innsats hver eneste dag, år etter år. Sammen skaper dere det gode liv i Etnedal. Sammen gjør dere en forskjell!

Dette bringer meg over til julehøytiden som snart står for døra. Jula er kanskje den høytiden i året da det å ikke ha et nettverk, eller ikke være del av et fellesskap, føles ekstra vondt og vanskelig. I jula forsterkes alle følelser. Gledene blir større. Savn forsterkes og det triste blir tristere. Å ha medmenesker rundt seg som bryr seg, betyr så uendelig mye. La oss dele de gode juleopplevelsene våre med noen som trenger det!

Før jeg avslutter denne julehilsen, vil jeg takke alle dere som har stått på for Etnedalsamfunnet i 2018. Jeg ønsker små og store en riktig god jul og et godt nyttår. Må jula bli ei trivelig høgtid for alle!

Toril ordfører

Gavepenger Etnedalsheimen og Hjemmesykepleien

Etnedalsheimen og Hjemmesykepleien mottar minnegaver. De har hver sin konto, og pengene skal gå til tiltak som er til glede og nytte for brukerne av tjenestene og de ansatte. Midlene benyttes ikke til å dekke utgifter, som dekkes over det ordinære driftsbudsjettet.

Regnskap blir ført i kommuneregnskapet, og det er to gavekomitéer som bestemmer hva pengene skal brukes til. Disse komitéene består av enhetsleder Eli Strand, ansattrepresentanter og representant fra beboer/bruker. Det blir skrevet referat fra møtene de har. Det er viktig at dersom givere ønsker at pengene skal brukes til noe bestemt må dette øremerkes. Personen eller dennes pårørende må selv gå i banken og overføre beløpet direkte til Etnedalsheimen sin gavekonto

2140 70 12655 eller Hjemmesykepleien sin gavekonto 2140 20 15737. Det vil også være mulig å

øremerke gaver til dagsenteret for hjemmeboende personer med demens og de nye bemannede omsorgsboligene.

Takkeannonser vil bli satt inn i Kyrkjevarden.

Pengene har bl.a. blitt brukt til

Etnedalsheimen:

- Aktivitetsdag med hest og vogn
- Sommerfest med grillmat
- Møbler ute og inne, og blomster
- El-sykkel
- Jul- og sommerfest ansatte

Hjemmesykepleien:

- Arbeidssko, ansatte
- Juleavslutning og vårtur, ansatte
- Utstyrskofferter til bilene

Etnedal kommune

Enhet Omsorg og rehabilitering.

Takk!

Hjertelig takk for pengegaven som ble gitt ved Erna Klevgård sin begravelse.



Hilsen Etnedalsheimen.

Takk!

Hjertelig takk for pengegaven som ble gitt ved Jon Steinsvoll sin begravelse.



Hilsen Hjemmesykepleien.

Vigsel



*Aurora Garstad Rotnes og Jonas Holen Larshus vart vigde i Bruflat kyrkje laurdag 2. september.
Foto: Privat*



*Silje Storengen og Daniel Næss Storengen vart vigde i Øvre Vang kirke laurdag 25. august.
Foto: Are Simensen Photography*

Slekters gang



Bruflat kyrkje
Emrik Øybakken Elg Fossum



Bruflat kyrkje
Aurora Garstad Rotnes og
Jonas Holen Larshus

2. september



Bruflat sokn
Randi Synnøve Kolbjørnsvik
Erna Klevgård
Ida Olea Kompen
Olaug Margit Byfuglien
Solveig Hestekind

Nord-Etnedal sokn
Vigleik Bergene
Annette Heigre Sæther

Dåp



Emrik Øybakken Elg Fossum vart døypt i Bruflat kyrkje 28. oktober. Her er han fotografert saman med foreldra Stine Øybakken Elg Fossum og Stian Elg Fossum, og søskena Emilie, Emil og Eivind. Dei to eldste var også fadrar. Prest var Per Arne Faye.



KONFIRMANTANE
saman med 4- og
6-åringane i
Nord-Etnedal

*Foran: 6-åringane
Embrik Hestekind og
Adrian Kvernmo Skog-
stad og Heidi Skogstad
Kvernmo som er fire år.*

*Bak: Karoline Stubbene,
Jeanette Korsvoll, Malin
Månun, Tor Eirik Eide
Stubbene, Emil Øybak-
ken Elg Fossum, Elias
Fevang og Tim Carmelo
Cano Hestekind. (An-
dreas Øybakken Øvrebø
var ikkje til stades då
biletet vart take.)*

FERDASKRINET

Då eg drog ut på ferda mi
så fekk eg med eit ferdaskrin
å gøyme gode minne i.
Og når eg opnar loket
så ligg dei der og skin.

Der gøymer eg kvart smil eg fekk
og alle varme, gode ord
og ser att vegen som eg gjekk
i lag med sysken, far og mor.

Når det blir skumt som i ei grav
og mørkret står og seier nei,
då tek eg atter loket av.
Der skin dei ljose minne
og lyser langan lei.

Jan-Magnus Bruheim

I en natt så klar og kald

I en natt så klar og kald,
av en ung og tapper mor,
i en krybbe i en stall
fødtes håpet til vår jord.
Så umerkelig, så stille, byens gater helt forlatt.
Ingen opptog for den lille, lyset kom en vinternatt.

Gjeterne satt rundt sin grue,
skremtes opp av lys og lyd. Himlen sto i veldig lue,
engler sang om fred med fryd :
Ikke frykt, vær ikke redde,
Gud er kommet til vår jord.
Nå i natt var det det skjedde.
Gå til barnet og hans mor.

I det stille, til de små, bringer Jesus håp og fred.
Og han kommer, da som nå,
fra sin himmel til oss ned.
Julenatt med lys og glede
minner oss om Gud som kom.
Evig er han her til stede.
Nå står grav og krybbe tom.

Bjørn Eidsvåg

PRESTENS HJØRNE

Det er tid for å takke, for endå eit år. Takke Gud, takke kvarandre. Takk for alle meningsfulle møte i året som gjekk, mange trivelege og gode, andre vemodsfylte og spesielle – i sorg og andre krevjande situasjonar som livet gjev oss. Takk for tillit og fellesskap. Eg kjenner kor stor pris eg set på dykk, og tenker ofte på kor privilegert eg er som får lov til å vere prest i Etnedal. Takk til medarbeidarane i kyrkjestaben, for god lagånd og godt samarbeid! Takk til sokneråda for positivt engasjement og trivelege møte, og til alle frivillige som gjer ein eineståande innsats for fellesskapa våre. Utan frivillighet hadde vi alle vorte langt fattigare!

Åra går svimlende fort. Eg synest ikkje det er lenge sidan vi feira jul sist. Og endå ein gong skal vi få lov til å feire! Med familie, slekt og venner, eller som ei sa (Margrethe Holt); det må vere ein menneskerett å synes det er fint å vere åleine også på juleæftan. Ja, viss ein opplever det fint, er det heilt greit, men det er nokon som ikkje har det valet. Mindre åleine saman, var mottoet for årets TV-aksjon, eit fint jule- og heilårsmotto.

Eg har tenkt mykje på Eyvind Skeie sin fine tekst i adventsversa «Tenn lys» dei siste dagane. Sangen er skriven i 1988, og ikkje lenge etter sang vi han på skulegudsteneste i Nord-Etnedal kyrkje. Sidan har vi hatt sangen med ved lystenning kvar adventstid i begge kyrkjene våre.

*«Tenn lys! Et lys skal brenne for denne lille jord,
Den blanke himmelstjerne der vi og alle bor.
Må alle dele håpet så gode ting kan skje.
Må jord og himmel møtes. Et lys er tent for det.»*

Vi tenner lys for «håp, for kjærlighet og tro, for rettferd og frihet,» står det i dei neste versa.

Det er henta frå livsprogrammet til Jesus, Han som var, og er det store lyset i verda.


Vi skal feire hans fødsel, starten på ei heilag livshistorie – midt imellom oss.

*Tenn lys!
Nå stråler alle
de fire lys for ham
som elsker alt som lever,
hver løve og hvert lam.
Tenn lys for himmelkongen
som gjeterflokken så!
Nå møtes jord og himmel
i barnet, lagt på strå!*

Med hjarteleg ynskje om ei signa, god julehøgtid og eit godt nytt år!

Marit prest

VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



23. desember

Kl. 09.00 Bruflat kyrkje. Morgonsang



Julegudstenestene

24. desember

Preiketekst: Lukas 2, 1-20

Kl. 13.30 Nord-Etnedal kyrkje.

Marit Lund deltek.

Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Kl. 15.30 Bruflat kyrkje.

Ronald Rasmussen deltek.

Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Kl. 17.00 Jula ringast inn i begge kyrkjene.

25. desember

Preiketekst: Joh. 1, 1-14

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Bruflat sangkor og

Yulianna Bykova deltek.

Takkoffer til Evangeliesenteret.

26. desember

Kl. 11.00 Etnedalsheimen. Julegudsteneste.
Nattverd.

Nyttår, på veg inn i eit nytt år

*Stemor i oktober –
Som kjempa seg oppatt
–
gong etter gong ...*



31. desember – Nyttårsæftan

Preiketekt: Matt. 18, 19-20

Kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Nyttårsmeditasjon

Kl. 17.00 Det nye året ringast inn.

Åpenbaringstida – Kven er Jesus?



6. januar - Kristi åpenbaringsdag

Preiketekt: Joh. 12, 42-47

Kl. 16.00 Nord-Etnedal kyrkje.

Bønevandring.

Nattverd.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

13. januar - 2. søndag i åpenbaringstiden

Preiketekt: Joh. 1, 29-34

kl. 11.00 Bruflat kyrkje.

Bønevandring.

Dåp.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

20. januar - 3. søndag i åpenbaringstiden

Preiketekt: Joh. 1, 15-18

kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.

Takkoffer til KRIK

27. januar - inga gudsteneste

3. februar – 5. søndag i åpenbaringstiden

Preiketekt: Joh. 5, 1-15

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.

Takkoffer til Det norske bibelselskap.

10. februar – inga gudsteneste

(Hekta-helg på Lillehammer)

17. februar – Sãmamnssøndag

Preiketekt: Matt. 13, 24-30

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.

Nattverd.

Takkoffer til Det norske Bibelselskap

24. februar – Kristi forklarelsesdag

Preiketekt: Luk. 9, 28-36

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje.

Kveldsmesse med nattverd.

Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

3. mars – fastelavnssøndag

Preiketekt : Luk. 18, 31-34

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

10. mars – 1. søndag i fastetiden

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.

Skaperverkets dag.

Nattverd.

Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

17. mars – Inga gudsteneste

24. mars – Maria bodskapsdag

Preiketekt: Luk. 1, 39-45

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.

Skaperverkets dag.

Nattverd.

Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

31. mars - 3. søndag i fastetiden

Preiketekt: Luk. 22, 28-34

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.

Takkoffer til organisasjonen

«menneskeverd»

Med atterhald om evt. endringar.

Gudstenestene blir kunngjort i avisa «Valdres».

Juleevangeliet

*I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at
det skulle takast manntal over heile verda.*

*Dette var første gongen dei tok manntal,
og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria.
Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.*

*Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea,
til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til
Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria,
som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der,
kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde.
Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.*

*Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka
og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein
Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei.
Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei:*

*«Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med
bod om ei stor glede, ei glede for heile folket:
I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.
Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn:
De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»*

*Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen;
dei lova Gud og song:*

*«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»*

